



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** Høgskulen i Volda, Hans Strøm-bygget, rom 243  
**Dato:** 21.04.2016  
**Tid:** 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Hild Våge	Medlem	AP
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Uthman Abu Harbid	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Edvin Dale	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Rebecca Riise Bjerknæs	Medlem	SP
Benedikte Holmberg	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Åshild Vik	Medlem	SV

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Magny Astrid Fylling	Erlend Krumsvik	KRF
Kari Aslaug Hasle	Gunnar Strøm	SV
Astrid Gjersdal	Åshild Vik	SV

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Heidi Istad	Planleggar, sak PS 44/16

Kommunestyremedlemene møtte kl. 12:00 og deltok på Barn i Midt-Norge - Volda prosjektet som vart halde på Berte Kanutte-bygget på høgskulen. Deretter var dei på synfaring i sak PS 44/16 før møtet vart sett kl. 14:45.

Astrid Gjersdal fekk permisjon og gjekk kl. 16:30 etter handsaming av sak PS 45/16. Det var då 26 røysteføre til stades i framhald av møtet.

Sølvi Dimmen fekk permisjon og gjekk kl. 19:05 medan Arild Iversen las opp det grunngeivne spørsmålet.

## SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 42/16	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 43/16	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 44/16	<b>Planid 2012007- Detaljregulering- B58 Bustadområde Bratteberg/Heltne</b>
PS 45/16	<b>Årsmelding og skatterekneskap for 2015</b>
PS 46/16	<b>Kommunereform - Intensjonsavtale om å slå saman Volda og Ørsta kommunar</b>
PS 47/16	<b>Kommunereforma - Intensjonsavtale om å slå saman Volda, Hornindal og Stryn kommunar</b>
PS 48/16	<b>Fordeling av midlar til asyl-, busetjings,- og integreringsarbeidet</b>
PS 49/16	<b>Oppreisning for tidlegare barnevernsbarn</b>
PS 50/16	<b>Felles vegpakke for Volda og Ørsta - prosess</b>
PS 51/16	<b>ORIENTEIRNGSSAKER</b>
OS 14/16	<b>Høring - Kommunelovutvalgets utredning 2016: 4 - Ny kommunelov</b>

- OS 15/16 **Arena for læring og velferdsteknologi - Møre og Romsdal (ALV - Møre og Romsdal)**
- OS 16/16 **Søknad om tilskot til vegar, breiband og andre digitaliseringstiltak i kommunar som skal slå seg saman**
- OS 17/16 **Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet den 09.03.2016**
- OS 18/16 **Orientering om midlar til auka pedagogtettleik i 1. - 4. klasse**
- OS 19/16 **Statleg sysselsettingspakke i statsbudsjettet for 2016 - vedlikehaldsmidlar**
- OS 20/16 **Handsaming i fylkestinget den 11.04.16 - investeringsprogrammet for fylkesvegar**
- PS 52/16 **DELEGERTE SAKER FRÅ AVDELINGANE**
- DS 51/16 **Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 18/148**
- DS 52/16 **Mellombels bruksløyve, tilbygg Gbr 30/219**
- DS 53/16 **Igangsettingsløyve, taktekking Gbr 19/877**
- DS 54/16 **Mellombels bruksløyve Gbr 15/16/0/1**
- DS 55/16 **Løyve til tiltak, løfteplattform Gbr 10/23**
- DS 56/16 **Dispensasjon Gbr 6/36**
- DS 57/16 **Løyve til tiltak, bruks- og fasadeendring Gbr 19/275**
- DS 58/16 **Løyve til tiltak, mellombels bruksendring Gbr 4/5**
- DS 59/16 **Løyve til tiltak, tilbygg/garasje Gbr 12/22**
- DS 60/16 **Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 20/283/0/2**
- DS 61/16 **Igangsettingsløyve, garasje og veranda Gbr 19/83**
- DS 62/16 **Ferdigattest, naust og flyrebrygge Gbr 80/8**
- DS 63/16 **Ferdigattest, garasje Gbr 20/531**
- DS 64/16 **Igangsettingsløyve, bustad Gbr 12/3**
- DS 65/16 **Mellombels bruksløyve Gbr 17/231**
- DS 66/16 **Løyve til endring Gbr 19/877**
- DS 67/16 **Rammeløyve, teknisk anlegg Gbr 16/12**
- DS 68/16 **Løyve til endring Gbr 30/24**
- DS 69/16 **Ferdigattest, garasje Gbr 13/47**
- DS 70/16 **Løyve til tiltak, parkeringsplass Gbr 20/79**
- DS 71/16 **Løyve til tiltak, påbygg Gbr 20/36**
- DS 72/16 **Ferdigattest gbr 4/5**
- DS 73/16 **Ferdigattest Gbr 131/3**

## **PS 42/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

#### **Innkalling**

Innkallinga med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publisert på heimesida den 14.04.16. Møtet vart annonsert i "Møre" den 16.04.16.

#### **Røysting:**

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

Ordføraren sa at møtet var lovleg sett.

#### **Sakliste**

Ordføraren kom med framlegg om at fylgjande OS-sak skulle leggest til saklista:

Behandling i fylkestinget den 11.04.16 i høve investeringsprogrammet for fylkesvegar, jf sak PS 39/16 handsama i kommunestyret den 31.03.16.

Han opplyste vidare om at han i slutten av møtet ville svare på eit grunngjeve spørsmål frå Arild Iversen, KRF, vedk. ny Voldahall.

#### **Røysting:**

Saklista med tillegg frå ordføraren vart samrøystes vedteken.

#### **Dokument lagt ut på lesebretta den 20.04.16:**

- Kart som skulle vere til hjelp under synfaringa i sak PS 44/16. Dette kartet vart også utdelt i papirutgåve til synfaringa.
- Møteprotokollen frå møtet i formannskapet den 19.04.16.
- Behandling i fylkestinget den 11.04.16 i høve investeringsprogrammet for fylkesvegar - jf sak PS 39/16 handsama i kommunestyret den 31.03.16

#### **Dokument utdelt på møtet:**

- Møteprotokollen frå møtet i formannskapet den 19.04.16
- Grunngjeve spørsmål frå Arild Iversen og svaret frå ordføraren vedk. ny Voldahall.

## **PS 43/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Møteprotokollen frå førre møte den 31.03.16 vart samrøystes godkjent.

## **PS 44/16 Planid 2012007- Detaljregulering- B58 Bustadområde Bratteberg/Heltne**

### **Tilråding i formannskapet - 15.03.2016 til kommunestyret:**

- 1. Detaljregulering for område "B58 – Øvre Heltne", slik det går fram av planomtale og føresegner datert 18.02.2016 og plankart datert 22.02.2016, vert godkjent i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12-12.*
- 2. Kommunestyret konstaterer at gjennomføring av planen tvillaust er meir til gagn enn skade, jfr. oreigningslova § 2, siste ledd og kap. 16 i plan og bygningslova.*
- 3. Kommunestyret skal ha befarung i området før vedtak.*

### **Handsaming:**

Det vart halde synfaring i saka før møtet vart sett. Pkt. 3 i tilrådinga frå formannskapet vart såleis gjennomført. Planleggar Heidi Istad var til stades og orienterte om planen.

Sølvi Dimmen, SP, kom med fylgjande fellesframlegg på vegne av SP, V, MDG og SV:

*Tiltak for å utbetre infrastruktur for mjuke trafikantar må iverksetjast før byggestart (Fartsgrense, overgangsfelt, gangvegen).*

*Slik sak må leggst fram for kommunestyret før byggestart.*

Arild Iversen, KRF, kom med fylgjande framlegg som nytt pkt:

*Volda kommune skal vere føreseielege for dei som ynskjer å etablere seg med bustad i Volda. Kommunestyret ber rådmannen utarbeide ein enkel handlingsplan for det vidare arbeidet med godkjend reguleringsplan fram mot byggeklare tomter. Handlingsplanen skal synleggjere rasjonell framdrift i arbeidet. Den skal leggst fram for kommunestyret og samordnast med budsjett- og økonomiplanarbeidet.*

Ordførar Jørgen Amdam kom med fylgjande felles framlegg på vegne av AP, FRP, H og KRF:

*Kommunestyret ber om at tilretteleggande tiltak for gang- og sykkeltrafikk på tilførselvegssystemet vert ivareteke i arealdelen av kommuneplan og i trafikktryggingssplanen.*

Det vart halde gruppemøte.

Sølvi Dimmen på vegne av SP, MDG, V og SV endra fellesframlegget til å lyde:

*Som 1. trinn i utbygginga må ein fullføre gangveg Bjørnevegen og utbetre kryssing Hjellbakkane/ Bratteberg skule.*

Sølvi Dimmen endra seinare framlegget til å vere eit oversendingsframlegg til administrasjonen.

**Røysting:**

Oversendingsframlegget frå SP, MDG, V og SV v/Sølvi Dimmen fekk 26 røyster og vart vedteke. Ein røysta mot.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Fellesframlegget frå AP, FRP, H og KRF v/ordføraren vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Arild Iversen vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Kommunestyret - 31.03.2016**

- 1. Detaljregulering for område "B58 – Øvre Heltne", slik det går fram av planomtale og føresegner datert 18.02.2016 og plankart datert 22.02.2016, vert godkjent i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12-12.*
- 2. Kommunestyret konstaterer at gjennomføring av planen tvillaust er meir til gagn enn skade, jfr. oereigningslova § 2, siste ledd og kap. 16 i plan og bygningslova.*
- 3. Kommunestyret ber om at tilretteleggande tiltak for gang- og sykkeltrafikk på tilførselvegssystemet vert ivareteke i arealdelen av kommuneplan og i trafikktryggingssplanen.*
- 4. Volda kommune skal vere føreseielege for dei som ynskjer å etablere seg med bustad i Volda. Kommunestyret ber rådmannen utarbeide ein enkel handlingsplan for det vidare arbeidet med godkjend reguleringsplan fram mot byggeklare tomter. Handlingsplanen skal synleggjere rasjonell framdrift i arbeidet. Den skal leggest fram for kommunestyret og samordnast med budsjett- og økonomiplanarbeidet.*

Vedtak som skal oversendast til administrasjonen:

*Som 1.trinn i utbygginga må ein fullføre gangveg Bjørnevegen og utbetre kryssing Hjellbakkane/ Bratteberg skule.*

**PS 45/16 Årsmelding og skatterekneskap for 2015**

Tilråding i formannskapet - 05.04.2016 til kommunestyret:

*Kommunestyret tek årsmelding og skatterekneskapen for 2015 til vitende.*

**Handsaming:****Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Kommunestyret - 21.04.2016**

***Kommunestyret tek årsmelding og skatterekneskapen for 2015 til vitende.***

Astrid Gjersdal fekk permisjon og gjekk. Det var då 26 røysteføre til stades i framhald av møtet.

## **PS 46/16 Kommunereform - Intensjonsavtale om å slå saman Volda og Ørsta kommunar.**

**Tilråding i formannskapet - 19.04.2016 til kommunestyret:**

1. Volda kommunestyre vedtek *Intensjonsavtale om slå saman kommunane Volda og Ørsta*, datert 15. mars 2016. *Økonominotat*, datert 15. mars 2016 er vedlegg til avtalen.
2. Under føresetnad av likelydande vedtak i Ørsta kommunestyre, vedtek Volda kommunestyre å legge intensjonsavtalen til grunn for rådgjevande folkerøysting 19. mai 2016.
3. Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.

### **Handsaming:**

Arild Iversen, KRF, kom med fylgjande tilleggsframlegg:

*Gjennomførte innbyggjarundersøkingar skal takast med som likeverdige avgjerdsgrunnlag med folkerøystinga når kommunestyret i juni skal gjere vedtak om framtidig kommunestruktur.*

Odd A. Folkestad, FRP, kom med fylgjande tilleggsframlegg:

*Under føresetnad av minst 50% deltaking i folkerøystinga, bør Volda kommunestyre vere forplikta til å gjere vedtak i juni 2016 som samsvar med folkerøystingsresultatet.*

### **Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå Arild Iversen fekk 10 røyster og fall. 16 røysta mot.

Framlegget frå Odd A. Folkestad fekk åtte røyster og fall. 18 røysta mot.

## **Vedtak i Kommunestyret - 21.04.2016**

- 1. Volda kommunestyre vedtek *Intensjonsavtale om slå saman kommunane Volda og Ørsta*, datert 15. mars 2016. *Økonominotat*, datert 15. mars 2016 er vedlegg til avtalen.**
- 2. Under føresetnad av likelydande vedtak i Ørsta kommunestyre, vedtek Volda kommunestyre å legge intensjonsavtalen til grunn for rådgjevande folkerøysting 19. mai 2016.**
- 3. Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.**

## **PS 47/16 Kommunereforma - Intensjonsavtale om å slå saman Volda, Hornindal og Stryn kommunar**

### **Tilråding i formannskapet - 19.04.2016 til kommunestyret:**

- 1. I spørsmålet om kommunesamanslåing ser Volda kommunestyre alternativet Volda-Ørsta som det primære.*
- 2. Volda kommunestyre tek i denne omgang til vitande framforhandla Intensjonsavtale om slå saman kommunane Volda, Hornindal og Stryn datert 14. april 2016.*
- 3. Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Det skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.*
- 4. Kommunestyret vedtek at det snarast råd og før endeleg vedtak om kommunesamanslåing i juni skal gjennomførast ei lokal innbyggjarundersøking for Volda der også Ørsta, Hornindal og Stryn er invitert til å delta. Dette for å kartlegge innbyggjarane sitt syn på aktuelle alternativ og som eit supplement til intensjonsavtalane og folkerøystinga om samanslåing mellom Volda og Ørsta kommune. Finansiering av undersøkinga er tildelte midlar frå Fylkesmannen tiltenkt arbeidet med kommunereforma.*
- 5. Før eit vedtak om ei eventuell samanslåing med Hornindal og/eller Stryn skal det haldast folkerøysting.*



### **Handsaming:**

Odd A. Folkestad, FRP, kom med fylgjande tilleggsframlegg som nytt pkt.:

*Dersom det som eit resultat av folkerøystinga 19/5.2016, ikkje vert aktuelt med ei samanslåing av Volda og Ørsta, søker Volda kommune om ei lenging av fristen for endeleg vedtak om kommunesamanslåing til 15/8.2016. - Ein vil pr. 1/6.2016 vere kjend med resultatet frå folkerøystingar om kommunesamanslåing som har vore gjorde i kommunar som grensar mot Volda, og vil då evt. kunne setje i gang ein forsvarleg politisk prosess med å finne andre aktuelle samanslåingskommunar for Volda. Volda kommunestyre kan då gjere endeleg vedtak i saka om kommunesamanslåing i eit ekstra kommunestyremøte tidleg i august 2016.*

### **Prøverøysting:**

Pkt. 1 i tilrådinga frå formannskapet fekk 26 røyster.

Pkt. 2 i tilrådinga frå formannskapet fekk 17 røyster. Ni røysta mot.

Pkt. 3 i tilrådinga frå formannskapet fekk 26 røyster.

Pkt. 4 i tilrådinga frå formannskapet fekk 13 røyster. 13 røysta mot.

Pkt. 5 i tilrådinga frå formannskapet fekk 18 røyster. 8 røysta mot.

Framlegget frå Odd A. Folkestad fekk fem røyster. 21 røysta mot.

### **Røysting:**

Pkt. 1 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2 i tilrådinga frå formannskapet fekk 16 røyster og vart vedteke. 10 røysta mot.

Pkt. 3 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 4 i tilrådinga frå formannskapet fekk 12 røyster og fall. 14 røysta mot.

Pkt. 5 i tilrådinga frå formannskapet fekk 22 røyster og vart vedteke. Fire røysta mot.

Framlegget frå Odd A. Folkestad fekk fem røyster og fall. 21 røysta mot.

### **Vedtak i Kommunestyret - 21.04.2016**

- 1. I spørsmålet om kommunesamanslåing ser Volda kommunestyre alternativet Volda-Ørsta som det primære.*
- 2. Volda kommunestyre tek i denne omgang til vitande framforhandla Intensjonsavtale om slå saman kommunane Volda, Hornindal og Stryn datert 14. april 2016.*
- 3. Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Det skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.*
- 4. Før eit vedtak om ei eventuell samanslåing med Hornindal og/eller Stryn skal det haldast folkerøysting.*

## **PS 48/16 Fordeling av midlar til asyl-, busetjings,- og integreringsarbeidet**

### **Tilråding i formannskapet - 19.04.2016 til kommunestyret:**

1. *Kommunestyret godkjenner oppfølging av vedtaka i k-sak 128/15, slik det kjem fram av vedlegg 1.*
2. *Frå 01.05.16 får helsestasjonen auka stillingsressurs på 50% som helsesøster til arbeidet med psykisk helse overfor barn og ungdom med minoritetsbakgrunn.*
3. *Frå 01.05.16 får Volda læringscenter auka stillingsressurs på 100% som miljøarbeidar til arbeidet med busetjing av flyktningar og oppfølging i bustad og fritid.*
4. *Frå 01.05.16 får biblioteket auka stillingsressurs på 50% til arbeidet med auka tal flyktningar og asylsøklarar ved biblioteket, og styrka ressurs på kr 30 000 til aktivitetar og integreringstiltak for målgruppa.*
5. *Frå hausten 2016 vert det oppretta to nye lærlingplassar til flyktningar i Volda kommune, derav ein til helserekkruten i prosjektet "Menn i helse".*
6. *Kommunestyret set av ei årleg ramme på 1,2 mill. til kvalifiseringstiltak for flyktningar og deltakarar i introduksjonsprogram.*
7. *Kommunestyret godkjenner at sum utgifter i 2016 vert kr 2,4 mill, og kr 3,1 mill. i 2017, slik det kjem fram av vedlegg 1.*

### **Handsaming:**

Hild Våge, AP, kom med fylgjande alternativt framlegg til pkt. 5:

*Frå hausten 2016 vert det oppretta 3 nye lærlingplasser til flyktningar i Volda kommune, derav ein til helserekkruten i prosjekt " Menn i helse"*

Seinare kom ho med fylgjande framlegg som tillegg til det som ho før hadde fremma:  
*Meirkostnader på kr. 204 000,- i 2016 vert å dekke av avsette integreringsmidlar.*

Ordføraren kom med fylgjande framlegg som tillegg til pkt. 1:  
*Jf pkt. 2, 3 og 4.*

Ordføraren med fylgjande framlegg som alternativ til tilrådinga frå formannskapet:  
*Kommunestyret godkjenner vidareføring av tiltaka vedteke i K-sak 128/15 og etablering av nye tiltak i samsvar med vedlegg 1. Tiltaka er finansiert innanfor avsette midlar til flyktningintegrering i 2016-budsjettet.*

Hild Våge endra framlegget sitt til å lyde:

*Frå hausten 2016 vert det oppretta ein ekstra lærlingplass til flyktningar i Volda kommune. Kostnaden kr. 204.000 i 2016 vert å dekke innanfor avsette midlar til flyktningintegrering.*

### **Røysting:**

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå ordføraren. Framlegget frå ordføraren fekk 26 røyster og vart vedteke. Tilrådinga frå formannskapet fekk 0 røyster og fall.

Framlegget frå Hild Våge vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Kommunestyret - 21.04.2016**

- 1. Kommunestyret godkjenner vidareføring av tiltaka vedteke i K-sak 128/15 og etablering av nye tiltak i samsvar med vedlegg 1. Tiltaka er finansiert innanfor avsette midlar til flyktningsintegrering i 2016-budsjettet.*
- 2. Frå hausten 2016 vert det oppretta ein ekstra lærlingplass til flyktingar i Volda kommune. Kostnaden kr. 204.000 i 2016 vert å dekke innanfor avsette midlar til flyktningsintegrering.*

#### **PS 49/16 Oppreisning for tidlegare barnevernsbarn**

**Tilråding i formannskapet - 19.04.2016 til kommunestyret:**

*Kommunestyret godkjenner samarbeidsavtalen med kostnadsfordeling.*

**Handsaming:**

**Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Kommunestyret - 21.04.2016**

*Kommunestyret godkjenner samarbeidsavtalen med kostnadsfordeling.*

#### **PS 50/16 Felles vegpakke for Volda og Ørsta - prosess**

**Tilråding i formannskapet - 19.04.2016 til kommunestyret:**

- 1. Kommunestyret ser framdrift og prioritering av dei overordna veglinene med tilhøyrande infrastruktur som avgjerande for utviklinga i regionen Volda - Ørsta, og minner om at dette er eit samfunn som må sjåast på line med dei tre byane Kristiansund, Molde og Ålesund.*
- 2. Kommunestyret godkjenner at prosess på utarbeiding av grunnlag for felles samferdselspakke for Volda og Ørsta vert sett i gang.*
- 3. Programnotatet skal definere konkrete tiltak og sjå gjennomføring i fasar ut frå*

*realisme knytt til målsetting for samferdselspakke-programmet, tilgjengelege ressursar og gjennomførbarheit.*

- 4. Kommunestyret ber ordførar og rådmann ta kontakt med Statens Vegvesen, region Midt, Møre og Romsdal fylkeskommune og Ørsta kommune for å få etablert ei styringsgruppe til å styre og gjennomføre utgreiinga. Styringsgruppa fastset framdriftsplan, set ned ev arbeidsgrupper og rapporterer til kommunestyret. Ordførar og rådmann representerer styringsgruppa frå Volda kommune.*

### **Handsaming:**

FRP v/Odd A. Folkestad kom med fylgjande framlegg som nytt pkt.:

#### *VOLDATUNNEL*

*Voldatunnel som vil verte ein viktig del av den nye ferjefri E39 - og som det må vere eit samordna krav skal kome inn i 1. planperiode for ny NTP, skal i utgangspunktet fullfinansierast av statlege midlar. Dersom det her vil verte reist krav om lokal medfinansiering ved bompengar, vil det vere ein absolutt føresetnad at det frå Furene til Volda sentrum finnest eit bompengefritt køyrealternativ.*

Kari Aslaug Hasle, SV, kom med fylgjande fellesframlegg frå SV og MDG som nytt pkt.:  
*I det vidare arbeidet med felles samferdselspakke for Volda og Ørsta skal omsynet til måla i gjeldande klimaplanar ileggast stor vekt.*

### **Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå SV og MDG v/Kari Aslaug Hasle vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå FRP v/Odd A. Folkestad fekk fire røyster og fall. 22 røysta mot.

### **Vedtak i Kommunestyret - 21.04.2016**

- 1. Kommunestyret ser framdrift og prioritering av dei overordna veglinene med tilhøyrande infrastruktur som avgjerande for utviklinga i regionen Volda - Ørsta, og minner om at dette er eit samfunn som må sjåast på line med dei tre byane Kristiansund, Molde og Ålesund.*
- 2. Kommunestyret godkjenner at prosess på utarbeiding av grunnlag for felles samferdselspakke for Volda og Ørsta vert sett i gang.*
- 3. Programnotatet skal definere konkrete tiltak og sjå gjennomføring i fasar ut frå realisme knytt til målsetting for samferdselspakke-programmet, tilgjengelege ressursar og gjennomførbarheit.*
- 4. Kommunestyret ber ordførar og rådmann ta kontakt med Statens Vegvesen, region Midt, Møre og Romsdal fylkeskommune og Ørsta kommune for å få etablert ei styringsgruppe til å styre og gjennomføre utgreiinga. Styringsgruppa fastset framdriftsplan, set ned ev arbeidsgrupper og rapporterer til kommunestyret.*

*Ordførar og rådmann representerer styringsgruppa frå Volda kommune.*

*5. I det vidare arbeidet med felles samferdselspakke for Volda og Ørsta skal omsynet til måla i gjeldande klimaplanar leggast stor vekt.*

## **PS 51/16 Orienteringssaker**

**Handsaming:**

**Røysting:**

Ingen hadde noko å merke til orienteringssakene.

## **PS 52/16 Delegerte saker frå avdelingane**

**Handsaming:**

**Røysting:**

Ingen hadde noko å merke til dei delegerte sakene frå avdelingane.

Til slutt i møtet kom Arild Iversen, KRF, med eit grunngjeve spørsmål vedk. ny Voldahall, og ordføraren svara på spørsmålet.

Møtet slutt kl. 19:20.

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
22. april 2016

Unni Strand  
sekr.